



EID KOMMUNE

PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING



GLOPPEN KOMMUNE

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref.

13/1336-2/K2-L40//GFB

Dykker ref.

Dato:

22.10.2013

FORENLING OG ENDRINGAR I LOV OM PLANLEGGING OG BYGGESEAKSBEHANDLING - UTTALE

Vi viser til Høringsnotat – Forenklinger og endringer i lov om planlegging og byggesaksbehandling datert 28.06.2013. Fagansvarleg for planlegging og byggesak i Eid og Gloppen kommunar i Sogn og Fjordane vil i den samanheng gje nokre merknader til framleggget.

Status stillingar tenestområde 30200 – Bygge-og delesak:
Eid kommune: 1,5 stilling.
Gloppen kommune: 1,2 stilling

Kap. 3 Forslag til forenklinger

Pkt. 3.1 Registrering – færre søknadspliktige tiltak

Pkt. 3.1.3. Økonomisk og administrative konsekvensar:

Kap. 3.1.

Forenkling av byggesaksbehandlinga ved etablering av ei registreringsordning for mindre tiltak, jf. denne, skal etter departementet si vurdering gje kommunane mindrearbeid som så skal kompensere det bortfallet av gebyrinntekter som kommunane vil «kunne» få som følgje av «forenklinga». Det er likevel synt til at kommunen må ha «en viss beredskap for å vurdere tiltakene innenfor 3-ukersfristen», i tillegg må kommunane ha «en beredskap for å kunne gi korrekt informasjon, og avholde forhåndskonferanser».

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:

57 88 58 00

Telefaks:

57 88 58 01

Bankgiro:

3790.07.00130

5398.05.01120

E post:

post@eid.kommune.no

Heimeside:

<http://www.eid.kommune.no>

Departementet føreset også at kommunane ved denne forenklinga vil få ressursar til å utføre meir tilsyn.

Vi kan ikkje sjå at forslaget som ligg føre medfører mindrearbeid for kommunane, men meiner klart at det påfører kommunane mindre inntekter. Vi kan heller ikkje sjå korleis mindre kommunar med 1-2 byggesaksbehandlere ved denne «forenklinga» skal kunne få meir tid til å nytte til td. tilsyn som forutsett. Den einaste endringa denne registreringsordninga gjer for kommunane er sjølve godkjenningsbrevet, og når alt elles er kontrollert er dette det som er minst ressurskrevjande. Råd og rettleiing er minst like viktig for den det gjeld i små byggesaker som i store saker. Ofte meir då desse ikkje har kontakt med eit konsulentfirma som gjer jobben for dei slik tilfellet er i dei meir omfattande byggesakene. I tillegg skal alle bygg matrikkelførast, også desse som vil komme under denne registreringsordninga.

Vi er samd i at forenklingar må til, men ser ikkje at denne forenklinga er vesentleg for tiltakshavar i dei sakene som no kjem inn under registreringsordninga. Vi meiner tiltakshavar vil bli meir usikker på om tiltaket er lovleg eller ikkje, og vil nytte meir tid til førehandskonferansar med kommunen for å sjekke ut at tiltaket ikkje medfører seinare pålegg om retting av ulovlege forhold. Noko som såleis vil påverke tida saksbehandler har til å handsame andre saker.

Økonomiske og administrative konsekvensar – 3.1.3:

Kommunen må kompensere for bortfall av inntekter frå denne typen saker. Vi har få tilsette på fagområdet, reduksjon av tal tilsette er såleis ikkje mogleg, og den stramme kommuneøkonomien gjer at bortfall av inntekter må dekkast innanfor dei rammene etaten har til disposisjon. Kommunen må då vurdere å innføre andre gebyr, td. gebyr for matrikkelføringa av desse bygga, og det blir også medføre auke i gebyrsatsane knytt til behandling av søknadspliktige tiltak.

Departementet forslår at det ikkje skal vere naudsynt med nabovarsling når tiltaket er regulert i vedteken detaljreguleringsplan. Kva då med tiltak som blir sett opp ulovleg? Kommunane kan lett komme i skvis om tiltaket som blir sett opp er ulovleg dvs. ikkje i tråd med det som er registrert. Vi må ha ein særregel i plan- og bygningslova om handtering av privatrettslige forhold i denne type saker. jf. side 19 i høyringsnotatet som legg til grunn at konfliktar mellom nabo og tiltakshavar er eit privatrettsleg forhold som er kommunen vedkomande.

Enklare søknadsprosedyrar må lagast på nett (byggsøk) for slike registreringssaker. Vi må forvente at slik registreringar blir gjort på nettet og då må nettsøknader som byggsøk tilpassas «ufaglærde» brukarar.

Med helsing

Gloppen kommune v/
Kristine Dahl
Leiar samfunnsutvikling, tilrettelegging og forvaltning

Eid kommune v/
Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef